

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

postmottak@lindas.kommune.no

2/4/2019

Klage på sakshandsamingsfeil i sak 14/6480 – 19/4740

Saka gjeld 202/108, ulovleg tilkopling til VA- anlegg

Syner til svar frå Lindås kommune datert 12.02.2019, oversendt til oss 2.4.2019 etter purring frå vår side.

Vi ser at det vert orsaka for feil i ekspedering til oss, men vi vil likevel gjerne vite kvifor ikkje brevet er å finne innlagt i saksarkivet med det same svaret vart forfatta. Då hadde det kome til vår kunnskap langt tidlegare.

Vi er naturlegvis kjent med at tiltakshavar har ansvaret for tiltaket sitt etter Plan og Bygningslova. Det vi verkeleg har problem med å fordøye er at VA-avdelinga ikkje automatisk sjekkar at dette er i orden. Dermed har jo VA laga seg ein rutine som set døra på vid vegg for at ein kvar tiltakshavar som ikkje tar ansvaret sitt på alvor, spaserer rett inn til godkjenning likevel.

Vi har endå større problem med at VA avdelinga ikkje sjekka opp i tilhøva omkring forbod mot innlegging av vatn og avløp i dei aktuelle hyttene, etter at vi har meldt frå om tilfellet. Vi har trass alt korrespondert med VA-avdelinga i denne saka sidan 2013, og dei manglar slett ikkje informasjon. I vår klage frå 25.1.2019 er dessutan referanse til forbodet tydeleg repetert.

Lindås kommune er ei eining, eit forvaltningsnivå. Det kan ikkje vere slik at når ei avdeling internt i kommunen gjev eit forbod, så gjev neste avdeling løyve. Når slikt likevel skjer, så tydar det på at det stadig er “vasstette skott” mellom avdelingane i kommunen. Dette er vi forsikra om frå høgaste kommunale hald for fleire år sidan at det skulle arbeidast med for å få vekk, og vi er skuffa over det vi no opplever. Påskotet om at det heile er tiltakshavar sitt ansvar, og at VA ikkje har noko med å kontrollere eller reagere, vert heilt uakseptabelt for oss.

Vi krev difor ny handsaming av heile sakskomplekset, og at byggjesaksavdelinga no vert involvert i saksgangen.

Hjelmås 2/4 -19 Geir Styve